

# Informasjon til elevar på Vg1 Helse- og oppvekstfag, 2017/2018

## Yrkesfagleg fordjuping

I samband med faget ”Yrkesfagleg fordjuping” ønskjer vi at du som elev på Vg1 Helse- og oppvekstfag skal få innblikk i, og kjennskap til, ulike yrke og arbeidsstader, der Vg1 Helse- og oppvekstfag inngår i yrkesutdanninga. Faget står på timeplanen, men det er også lagt opp til at de skal ha 2 periodar ute i arbeidslivet på ca 2 veker kvar. Du som elev får ansvar for å kontakte 2 arbeidsstadar som du har interesse av å arbeide ved. For at du skal få ei breiare erfaring, vil vi at du i desse 2 periodane prøver ulike yrke. Første periode for utplassering vil truleg bli i samband med langhelga i november. Det vil difor vere lurt å tenkje på kor du ønskjer utplassering allereie før skulestart. Ta gjerne kontakt med aktuelle arbeidsstadar før skulestart. (Det kan være 18 års aldersgrense på einssilde stadar, men spør gjerne der du er interessert.)

## Forslag til aktuelle arbeidsstadar i dette faget kan vere følgjande:

- Barnehage (Barne- og ungdomsarbeidar)
- Skulefritidsordning (SFO) (Barne- og ungdomsarbeidar)
- Barneskule (småtrinnet) (Barne- og ungdomsarbeidar)
- Bufellesskap (Helsefagarbeidar)
- Sjukeheim/ Aldersheim/ Helsetun (Helsefagarbeidar eller Aktivitør)
- Fotterapi (Fotterapeut)
- Apotek (Apotekteknikar)
- Legekontor, Helsesenter, Sosialkontor, Trygdekontor, Bedriftshelsekontor (Helsesekretær)
- Hudpleiesalong, Sal av hudpleieprodukt (Hudpleier)
- Ambulanse (Ambulansearbeidar)
- Ortopedteknisk avdeling ved sjukehus, habilitering og rehabilitering (Ortopediteknikar)
- Tannlegekontor (Tannhelsesekretær)
- Sjukehus (Portør)

Vi viser også til internettsida **vilbli.no**, (vel Utdanningsprogram (grøn rute) og Vg1 Helse- og oppvekstfag), kor du finn oversikt over kva du kan oppnå etter helse- og oppvekstfag.

## Viss du får avtale for utplassering på ein arbeidsstad, er det viktig at du noterer ned opplysningar om følgjande:

- Arbeidsstad (namn), og ev. namn på kontaktperson
- Adresse til arbeidsstad
- E-post adresse og telefon til kontaktperson
- Dei fleste elevar vil trenge politiattest for å få lov til å vere i praksis. Spør arbeidsplassen om dei krev at du legg fram politiattest. Sidan attesten har avgrensa gyldighet, kan du ev. bestille attesten seinare.

**Velkommen til 1HO!**